Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. –

Herad: Fjell

Emne: Död og begravelse

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Nissjöen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kva slags varsler, som synte seg for folk, veit eg ikkje å skriva noko om; men at folk her har höyrt „förefar" for menneske som snart skulle döy, det er heilt sikkert.
Sp. 2: Til det trur eg, at eg må svara nei.
Sp. 3. Trur ikkje folk her, hadde midler til å få veta kven som skulde döy i löpet av året.
Sp. 4. Ja, her fanst nok folk som påstod, at dei hadde slike evner, at dei kunde forutsjå dödsfalle.
I forbindelse med dette skal eg fortelja ei hending som far min har fortalt. Han skulde frå vestsida til austsida av Sartoröyna, og han gjekk saman med ein annan mann, ein av desse „framsynte". Dei fylgde postvegen, som gjekk

13868

frammed gjerde rundt kyrkja og kyrkjegarden. Medan dei passerte kyrkjegarden kjende far min ei skrämeleg skygg og vond lukt. Då dei vat komne forbi gravplassen, spörde far min den mannen han gjek i lag med, om han og kjende den vonde lukta! Han svarde, at det gjorde han, og det var ikkje å undrast over, at dei kjende vond lukt, for dei hadde gått gjenom ein heil flok med „dauinga", som stod frammed kyrkjegarden. Men far min såg apsolutt ikkje noko uvanleg.

Sp. 5. Feigdalutt har eg höyrt om, og den har vist seg på döyande, eller kort för döden inntraf.

Sp. 6. Likeins kjenner me til, at some menneskje kort tid för döden har fått ein glupande mathlyst. Det vart alltid tyda slik, at det var feigda-teikn.

Dödsteikn.

Sp. 7. Ja, för i tida trudde folk soleis her og.

Sp. 8. Det og vart ofte gjordt.
– " – 9. Folk hadde ymse tru om desse ting, men nokon ålmen skikk var det ikkje.

Sp. 10. Det hende at dei sende bud etter presten; men vanleg

13868

skik var det ikkje.
Det var meir brukt, at ein bad presten bè for den döyande i kyrkja, saman med kyrkjelyden.
Sp. 11. 12. og 13 kan eg ikkje fortelja noko om.

Tiden mellom dödsfallet og gravferda.

Sp. 14. Har höyrt folk nytta uttryk som: Slokna, flytta, slutta og himlast.
Himlast her svært sjeldan ein höyre. (Eg höyrde ein mann brukte det uttrykket for ei halv sneis år sidan, om ei gamal kona som var död.)
Sp. 15. Det De nemner i spörreskjema, har ikkje vore mykje brukt her, men dei såg det likevel når döden var inntrådt, og eg har ikkje höyrt om nokon her i bygda, som har teke feil i so måte.
Sp. 16. Nei.
-"- 17. Ja, ein lukka först augo, og so batt ein håkekluten på den döde.

Når eg les vidare gjenom spörreskjema sir eg at eg har svart på desse spörsmål för, og eg trur so utförleg som eg kan. Difor

13868

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vil eg be Dykk lesa igjennom
eit tidlegare svarbrev frå
meg. om desse ting.

13868